Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Folkelege musikkinstrument.

Oppskr. av: Einar Spildo

(adresse): Øvre Granvin

Fylke: Hordaland

Herad: Granvin

Bygdelag:

Gard: Spildo

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

På garden Fördre i Granvin er ei gamal hardangerfela som truleg er av dei eldste felene som er laga i Hardanger. Det skal vera Trond Botn som hev laga ho og i felesskrinet er utskore J. N. F. 1778. Det er fyrebokstavane til spelemannen Johannes Nilsen Fördre. Han var född 13/9 1765 og döde 27/8 1860, vart soleis 95 år gamal.

Um det er årstalet 1778 som seger alderen for fela er ikkje heilt sikkert, men ho er ikkje yngre, det er truligare at ho er eldre.

Det er lett å sjå at fela hev vore med i mange brudlaup og dansar, men hev lege roleg dei seste hundra år.

Materialen er truleg: gran til lok og svartore til botn og kusk.

Halsen hev vore avslegen eingong og det er sett ei massingplata på skøyten.

Fyngebrettet er av eik men det hev truleg vore skift, men strenge-festet ut

1023

fil å vera orginall. Lengdi på sjølve fela er 34 cm, breiddi er framme 17.5 cm og ved stolen 10 cm, afturst 18.5 cm, buskar 2.6 cm høg. Det er med ein gamal boge, men den velde sekkert ikkje halde mål no for tidi då lengdi på hanget er 48 cm.
Feleskrinet er utskore på loket. Det er solid jarnbeslag med vanleg kistelås og lykle og i beslaget er feste to ringar med eit band millom til bera feleskrinet på aksli. Som instrument vert si so gamal fela ikkje påagta; men som kultur-minnesmerke hev den sin rett til å verta teke vare på.

Øvre Granvin 7/1-1948

Einar Spildo



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING